

## Innlegg frokostseminar LHBT-rapport

*Olav Fykse Tveit, preses i Bispemøtet*

Takk for ein god rapport, og takk for eit godt arbeid. Både til LHBT-utvalet, og til dei som har hatt ansvar for å gje oss ein god, solid og fagleg rapport, som vil vere viktig. Og dette representerer starten på ei ny tid, for kyrkja som arbeidsfellesskap, og der ein kan vere seg sjølv, og alle kan vere seg sjølv saman på ein god måte.

Det er ein lang prosess som har resultert i dette arbeidet, og eg er glad for å seie at bispemøtet var med å ta initiativ til dette. Og er glad for at Kyrkjerådet fulgte opp, og at dette no er gjennomført på ein god og seriøs måte. Vi har no fått eit godt verktøy for å ta tak i dette vidare.

Bispemøtet skal koordinere, men og løfte opp tema som er viktige for kyrkja og for samfunnet. I dette er det ei viktig oppgåve for biskopane, både kvar for seg og i fellesskap, at vi må auke fokuset på dette, og sjå på moglegeheitene for gode tiltak vidare, for å oppnå det vi ynskjer.

Dette er jo og ei pastoral oppgåve, fellesskapet i eit kyrkjeleg fellesskap. Og eg er trygg på at biskopane vil lese dette med stort alvor, og drøfte dette vidare på korleis vi kan ivareta tilsette i kyrkja.

Eg vil også gje eit blick på dette, litt utanfrå. Det er jo mange kyrkjer, nesten alle i verda, har diskusjonar om dette. Eg er stolt av korleis kyrkja har fått fram dette, og undersøkt fakta, og korleis vi kan jobbe med dette. Og vi gjer dette med eit veldig ope sinn for å lære noko av det. Slik kan vi kome vidare, og slik er vi kyrkje, og peikar på korleis vi kan kome vidare.

Eg håpar dette kan vere til nyttig både her til lands, og elles. Så takk for arbeidet, og vi ser fram til arbeidet vidare, i samarbeid med LHBT-utvalet, KA og Kyrkjerådet. Takk.